



«MottakerNavn»  
«Adresse»  
«Postnr» «Poststed»  
«Land»

Deres ref.  
«Ref»

Vår ref.  
2022/1506-4

Dato  
31.05.2022

---

## 45/15 - Dispensasjon frå LNF-føremålet i arealelen av kommuneplanen. Igangsettingsløyve for garasje. Kvisla

---

Saksnr: 458/22  
458/22

Behandlet i: Utvalg for plan og utvikling  
delegert

---

Byggested: Kvisla, Gnr/Bnr: 45/15  
Tiltakshaver: Thomas Trageton Karlsen Adresse: Kvisla 42, 3580 GEILO  
Søker: Bakken Bygg AS Adresse: Lienvegen 109, 3580 GEILO

Tiltakstype / 181 Garasje, uthus anneks til bustad/  
Tiltaksart: Nytt bygg Bustadføremål over 50 m<sup>2</sup>

Søknad motteke: 20.4.2022/ 10.5.2022			
Grad av utnytting	Matrikkelareal	Bruksareal (BRA)	Bygd areal (BYA)
	Garasje: 88 m <sup>2</sup>	Garasje: 88 m <sup>2</sup>	Garasje: 96 m <sup>2</sup>

## VEDTAK:

1. Med heimel i plan- og bygningslovas § 19-2 blir det gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i arealdelen av kommuneplanen og byggeforbodet i planførsegn 3.1. Dispensasjonen gjeld for oppføring av garasje på bustadeigedom 45/15 som vist på vedlagte teikningar og kartutsnitt.

Grunngjevinga er at bygging skjer på lovleg oppretta og bygd bustadeigedom, der siste dispensasjon frå LNF føremålet vart gjeve i sak 21/00620-4 den 16.4.2021 for frådelling av parsell delt frå eigedom 44/6 som tilleggsareal til eigedom 45/15. Parsellen er no lagt til eigedom 45/15, og bygging av garasje til bustaden skjer på dette arealet. Ut frå tidlegare dispensasjonsvedtak vil ein dispensasjon for oppføring av denne garasjen ikkje vera ei vesentleg tilsidesetting av arealføremålet og byggeforbodet. Det er av fordelar for samfunnsinteressene å legge til rette for fast busetting i grendene, jf. kommuneplanens samfunnsdel, og oppføring av garasje er med på å gjera ein bustadeigedom attraktiv å bu på. Det er ikkje funne at ein dispensasjon vil føre til negative verknader for andre samfunnsinteresser.

2. Med heimel i plan- og bygningsloven §§ 20-3 og 21-4 blir søknaden om igangsettingsløyve for garasje på eigedom 45/15 godkjent på fylgjande vilkår:
  - Dersom det under anleggsarbeidet eller annen verksemd dukkar opp automatisk freda kulturminne, må arbeidet straks stogkast og kulturavdelinga i fylkeskommunen varslast. Jf. kulturminneloven § 8.2.
  - Løyvet fell bort om arbeidet ikkje er satt i gang innan 3 år. Det samme gjeld om arbeidet stansar i lenger tid enn 2 år. Jf. plan- og bygningslovas (pbl.) § 21-9.
  - Bygningsavfall skal leverast til godkjent mottak.
  - Før bygg blir tatt i bruk må det sendast inn søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest. Jf. pbl. § 21-10.

<b>Erklæring av ansvarsrettar:</b>
Ansvarlig søker er ansvarleg for at tiltaket er dekt med ansvarsrettar for SØK, PRO, UTF og eventuelt KONT. Jf. pbl. § 23-4. Ansvarleg søker skal syte for at kommunen til kvar tid har den oppdaterte gjennomføringsplanen, se til at alle ansvarsområder er dekt og at endringar, manglar og opphør av ansvarsretter meldast til kommunen. Jf. SAK10 § 12-2 bokstav d, jf. pbl. § 23-8.

Jf. § 23-3 i pbl. kan kommunen frata føretak ansvarsrett. Ansvarsrett fell bort ved vedtak om ferdigattest, men kommunen kan gje pålegg om retting eller utbedring innan fem år etter at det er gjeve ferdigattest.

Kommunen plikter å føre eksisterende og ny bygningsinformasjon i Matrikkelen jf. matrikkellova § 25 1. lekk.

---

Med helsing

Kamilla Holberg Mjøsund  
leiar plan og utvikling

Borgar Underdal  
byggesaksbehandlar

Elektronisk godkjent uten signatur

**Vedlegg**

**1 45/15/0/0 Søknad etter §20-5 og Dispensasjon**

**Høve til å klage**

Vedtaket kan påklagast til Statsforvaltaren i Oslo og Viken. Klage skal stilast til Statsforvaltaren, men skal sendast til kommunen. Klagefristen er 3 veker, rekna frå den dagen vedtaket kom fram. De må opplyse datoen for mottak av vedtaket, kva for vedtak de klager på, endringar de ynskjer, og dei grunnar klagen støttar seg på. Klagen må vera underskriven.

Sjølv om det er høve til å klaga, kan vedtaket vanlegvis gjennomførast straks. De kan søkja om å få utsatt iverksetjing til klagefristen er ute, eller til klagen er handsama. Vedtak om utsatt iverksetjing kan ikkje påklagast.

---